

# Om arbeidet med kommunevåpen for Vestnes kommune

Av Per Bjørn Ellingseter

## Kristeleg folkeparti tok initiativet

Kristeleg folkeparti sitt lokallag i Vestnes sende i juni 1978 eit brev til kommunen, der dei m.a. skreiv:

*I mange kommunar har dei eit kjenneteikn som markerer sin kommune (i byane byvåpen), det manglar me her i Vestnes. Likeeins skulle kommunen hatt si ordførarkjede, med kjenneteikn som markerar dei ymse bygdelag og kommunen i det heile. Kristeleg folkeparti vil foreslå at formannskapet vel ei nemnd til å arbeide med desse to sakene.*

Brevet var underteikna av Kåre Rekdal, ein sentral KrF-politikar i Vestnes på den tida. Grete Tjelle, som også representerte Vestnes KrF både i kommunestyre og fylkesting, var også ein pådrivar i denne saka.

Brevet vart lagt fram for formannskapet i møte 14. august 1978, der saksbehandlaren (rådmannen?) orienterte slik om saka:

*Ved ei rekke høve hadde det vore svært greitt om kommunen hadde eit emblem. Ein ville på eim langt betre måte kunne standardisere tiltak som til dømes trykking av skrivepapir og konvoluttar med kommunen sitt merke på. Eignedelar som høyrer kommunen til vil lettare kunne merkast osb., kort sagt er det grunn til å tru at dette med eige emblem vil verke positivt.*

*Når det gjeld ordførarkjede, er ein overtydd om at dette ofte vil vere med på å gje ei festleg ramme over mange arrangement som vert skipa av kommunen eller andre tilstellingar der ordføraren deltek.*

Formannskapet slutta seg i hovudsak til rådmannen sit framlegg, og gjorde slikt vedtak:

*Det vert nedsett ei nemnd som skal kome med ei vurdering av korleis ein skal gå fram med å løyse saka med:*

*1) Eit emblem for Vestnes kommune.*

*2) Ordførarkjede for Vestnes kommune.*

*Innstillinga frå nemnda skal leggjast fram for formannskap og kommunestyre. Som nemnd vert vald:*

*Jarle Skuseth*

*Grethe Tjelle*

*Ingvar Rypdal*

*Jarle Skuseth kallar nemnda saman. Nemnda vert bedt om å kome med framlegg innan 1. nov. 1978.*

## Nemnda kom i arbeid

Nemnda arbeidde raskt og effektivt, og kunne legge fram si innstilling datert 9. november 1978. Dei hadde rådført seg med fylkeskultursjefen for å få greie på korleis fylkeskommunen hadde gått fram i arbeidet med fylkesvåpenet. Nemnda kom fram til at ei open konkurranse om kommunevåpenet ville få ein kostnad på kr. 37 000,-. Dei trudde og at kostnaden med ordførarkjede ville bli tilsvarende, altså kr. 37 000,-.

Nemnda kom fram til at “ein ved samarbeid og inspirasjon kan utvikle dei to oppgåvene innan kommunegrensene. Denne framgangsmåten vil også bli rimeleg”. Med dette som bakgrunn la dei fram si tilråding i tre punkt:

1. *Nemnda tilrår at formannskap/kommunestyre oppmodar Jarle Skuseth om å lage eitt eller fleire utkast til kommunevåpen. Det bør truleg veljast ein jury som kan vurdere utkasta og samarbeide om utforminga. Formannskap/kommunestyre kan godta eller forkaste forslaga.*
2. *Nemnda tilrår at gullsmed Lindin vert oppmoda om å teikne utkast til ordførarkjede. Han må samarbeide med nemnda og formannskapet om motivval. Formannskap/kommunestyre kan godta eller forkaste forslaget.*
3. *Arbeidet med kommuneemblemet må gjerast ferdig først, då dette må kome inn som ein del av ordførarkjedet.*

Tilrådinga hadde dette tillegget:

*Sidan Jarle Skuseth er medlem i nemnda, ynskjer han uttale særskilt til pkt. 1:*

*Eg vil gjere mitt beste dersom formannskapet vil gi meg denne oppgåva. Men det er viktig at resultatet blir godt, så dersom formannskapet har andre idear, t.d. engasjere ein annan/andre til å kome med framlegg, synest eg det er greitt. Vonar at skilnaden på engasjement og konkurranse er tydeleg nok presisert.*

Noko seinare kom nemnda med ei “tilleggsutgreiing”, der dei lanserte ein tanke om at ein skulle “engasjere ein eller fleire kunstnarar som er medlem i MRBK (Møre og Romsdal bildende kunstnere).

### **Politisk behandling**

Politikarane hadde no altså tre alternative løysingar på korleis ein skulle gå vidare med saka:

1. *Open konkurranse*
2. *Å be Jarle Skuseth (kommunevåpen) og Leif Lindin (ordførarkjede) om å lage utkast*
3. *Å engasjere kunstnarar frå Møre og Romsdal*

I formannskapsmøte 15. januar 1979 vart det så gjort samrøystes vedtak om å engasjere Jarle Skuseth til å komme med framlegg til kommunevåpen for Vestnes:

1. *Jarle Skuseth vert engasjert til å komme med framlegg om emblem for Vestnes kommune*
2. *Etter at emblemet for kommunen er vedteke, vert Leif Lindin, saman med Jarle Skuseth, engasjert til å komme med framlegg til ordførarkjede.*
3. *Vedtaka i punkt 1 og 2 er gjort på same vilkår som skissert av nemnda. Formannskap/kommunestyre kan godta eller forkaste begge framlegga*
4. *Det bør forhandlast om kva cirka kostnadene kan verte før planarbeidet vert sett i gang.*
5. *Framlegget vil ein gjerne få framlagt for formannskapet før 31.3.1979*

Jarle Skuseth sette så i gang arbeidet, og arbeidde ut fleire utkast. Tidleg i prosessen sette han seg godt inn i heraldikken sitt regelverk, og han etablerte god kontakt med sakkunnig ekspertise i Riksarkivet.

### **Godkjenning i Riksarkivet**

Hausten 1979 sendte Skuseth inn tre framlegg til kommunevåpen, og fekk dette svaret frå Riksarkivet:

*Dei tre framlegga til våpen for Vestnes kommune*

*1) I raudt to gull båtar*

*2) I raudt to gull spissar mot venstre, og*

*3) I blått ein sølv trillingstreng laga med bølgesnitt*

*er alle heraldisk korrekte våpen. Men båtar og trillingstrengar er alt så mykje brukte motiv både i munisipal- og adelsheraldikk at ein bør vera varsam med å bruka dei.*

*I dette høvet er det heller ikkje grunn til det. Utkast nr. 2, "I raudt to gull spissar mot venstre", er, både når det gjeld motivval og utforming, klart det beste. Det vil gjeva kommunen eit våpen av høg kvalitet.*

### **Politisk behandling**

Til slutt enda arbeidet opp med to framlegg, "båtmotivet" og "spissmotivet". Fleirtalet i formannskapet, seks medlemmar, gjekk i møte 28. november 1979 inn for "båtmotivet", medan dei tre i mindretalet helst ville ha "spissmotivet".

Saka vart behandla i kommunestyret same dag, men før møtet tok til hadde det blitt lagt fram ei ny utforming av "spissmotivet". Fleirtalet i formannskapet skifta syn, og det vart ei samrøystes tilråding om "spissmotivet" til kommunestyret.

I møtet kom det benkeforslag på "båtmotivet", men dette oppnådde berre 6 stemmer. Eit klart fleirtal, 27 representantar, gjekk inn for "spissmotivet", som med det vart valt som kommunevåpen for Vestnes.

Framlegget vart presentert for politikarane med to alternative fargekombinasjonar: *Blått/sølv* eller *raudt/gull*. Ved endeleg røysting om dei to alternativa, vart raudt/gull valt med klart fleirtal, 28 representantar. Fem representantar ville ha blått/sølv.

### **Godkjent av Kongen i statsråd**

I april fekk så Vestnes kommune melding frå Fylkesmannen om at kommunevåpenet var godkjent ved kgl. res. 11. april 1980:

*Vedtak av Vestnes kommunestyre 28. november 1979 om våpenen for kommunen vert godkjent.*

*Vestnes kommunes våpen vert: I raudt to gull spissar mot venstre.*

*Vestnes kommunes flagg vert: I raudt to gule spissar mot venstre.*

Ei fråsegn frå Riksantikvaren av 28. mars 1980 låg til grunn for godkjenninga:

*Ein har ikkje noko å merka til dei teikningane av våpen og flagg, segl og banner, signerte "Jarle Skuseth 1980" som in duplo følgde med saka. Teikningane er korrekte, og vert å rekna får godkjende prøver på riktig framstilling av våpenet. Innanfor ramma av den våpendefinisjonen som vert fastsett i resolusjonen, vil ein kunne variera utforminga av våpenet etter bruken i kvart einskild høve, men slik at våpenidentitet og heraldisk stil er den same.*

## **Vedtekter for bruken**

I møte i mars 1981 vedtok kommunestyret vedtekter for bruk av kommunevåpenet. Dette bygde på normalvedtekter frå KS, litt tilpassa av Jarle Skuseth:

### *§ 1 Definisjon*

Vestnes kommunevåpen, fastsett ved kongeleg resolusjon 11.4.1980, er på raudt to gull spissar mot venstre. Flagget 16:22 på raudt to gule spissar mot venstre.

### *§ 2 Generelt*

Våpenet er kommunen sitt merke, og er rettsleg verna (straffelova § 328 – 19.3.1926). Som hovudregel kan våpenet berre brukast av den kommunale administrasjonen og av kommunale institusjonar i samband med kommunale funksjonar og til dekorasjon. Våpenet må ikkje brukast slik at det kan sjå ut som privat kjennemerke. Private kjennemerke må heller ikkje stillast saman med våpenet. Våpenet må ikkje brukast i privat forretning som reklame, annonsering eller varemerke.

Formannskapet kan gje løyve til å bruke våpenet

- på souvenirgjenstandar av høg kvalitet
- til jakkemerke, bordflagg og liknande.
- i merke for stemne og landsmøte når slike blir arrangerte i Vestnes
- til pryd på skip o.a. av høg standard

I alle høve må særskild søknad sendast til formannskapet saman med prøve eller nøyaktig teikning med forklarande tekst.

Kommunevåpenet skal alltid presentere seg på ein verdig og høvisk måte.

Våpenet kan i samsvar med reglane i § 7 nyttast i heimane til læring og dekorasjon, men ikkje på ein slik måte at det gir urett inntrykk av at brukaren har ei kommunal stilling eller funksjon, eller til reklameføremål.

### *§ 3 Bruk av våpenskjold*

Våpenskjoldet skal brukast med sine rette fargar, heraldisk raudt og gull. På trykksaker kan våpenet trykkast i svart og kvitt. Våpenet kan brukast til eigarmerke på kommunen sine bygningar, bilar og andre gjenstandar.

### *§ 4 Bruk av kommuneflagg*

Flagget kan heisast når kommunestyret/fylkestinget har møte, på kommunale merkedagar og elles etter nærare vedtak.

Brukt saman med det norske flagget eller riksvåpenet, har kommunevåpen/kommuneflagg lågast rang.

### *§ 5 Bruk av våpenet i fane og banner*

Våpenet kan utførast som bordflagg eller banner og brukast som dekorasjon ved kommunale tilstellingar.

Hengande banner i stort format kan brukast som dekorasjon etter nærare vedtak.

### § 6 *Bruk av våpenet i stempel og segl*

Våpenet kan brukast av kommunale etatar/institusjonar i rundt stempel eller segl med etaten eller institusjonen sitt namn i ein innskriftsring rund våpenet. Proporsjonar og skrifttype skal vere slik som i det vedtekne seglet: “Ordføraren i Vestnes”.

### § 7

Våpenet kan utførast i ymse materiale og teknikkar, t.d. plastisk flatestil, måla, teikna, vevd, brodert eller gravert. I alle høve må det setjast høge krav til utforminga. Utforminga må alltid vere i samsvar med tekniske og heraldiske kvalitetskrav med rett form, farge og proporsjonar.

### **Omtale i fagtidsskrift**

I Heraldisk tidsskrift, utgitt av Societas Heraldica Scandinavia i mars 1982, vart Vestnes sitt kommunevåpen omtala:

*Rektor Jarle Skuseth, Vestnes, som har tegnet våpenet, leverte opprinnelig tre forslag som alle ble sendt inn til Riksarkivet. Det var: 1) “I raudt to gull båtar”, 2) “I raudt to gull spissar mot venstre”, og 3) I blått ein sølv trillingstreng laga med bølgesnitt”, som alle var heraldisk korrekte våpen. Av disse var nok motivet “to båtar” det som folk i kommunen likte best. Det var også et naturleg motiv for Vestnes, fordi båtbygging er, og har vært, en særlig levevei i kommunene Tresfjord og Vestnes, som er slått saman til Vestnes kommune. Men riksarkivet hevdet at båtar og trillingstrenger allereie var så mye brukt både i municipal- og adels heraldikk at en burde være varsom med det. Motivet “To spissar mot venstre” tok form på den måten at tegneren tenkte seg den røde midtspissen som Vestnes, og “to gull spissar mot venstre” ble Tresfjord og Tomrefjord. Altså et svært stilisert kart over kommunen.*

***Takk til Ragnar Bakken og Ørskog historielag for at vi fekk bruke stoffet om Jarle Skuseth og om Ørskog kommune!***

***Takk til Bjørn Steinar Skarbø for hjelp med digital versjon av materialet!***

***Takk til arkivet i Vestnes kommune for utlån av arkivmateriale!***

***Når det gjeld arbeidet med ordførarkjede for Vestnes, viser vi til artikkel i Vestnes sogelag sitt årsskrift for 2016.***

### **Kjelder (Bakken):**

- Erna Karin Skuseth Halvorsen
- Alf Johan Hustad
- Per Bjørn Ellingseter
- Romsdals Budstikke
- Sunnmørsposten
- Ørskog kommune sitt arkiv

### **Kjelder (Ellingseter):**

- Vestnes kommune sitt arkiv
- Ørskog historielag: Årsskrift 2006, s. 21 ff.